



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 03.09.2014
Møtestad: Kommunehuset - Børilden
Møtetid: 09:00 - 13:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordfører
Liv Ulvøy	V	Medlem
Ernst Stellberg	H	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Terje Håland	AP	Varamedlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Asbjørn Nagell Toft, Olav Birger Andersen

Austrheim, 04.09.2014

Per Lerøy
ordfører

Olav Birger Andersen
fungerande rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
169/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
170/14	Godkjenning av møteprotokoll
171/14	Meldingar
172/14	Delegerte saker
173/14	Orienteringssak
174/14	Søknad om deling av areal på gbnr. 160/3 i Næringsområde i N18 på Øksneset - Dispensasjonssøknad
175/14	Selskapskontroll i AS Austrheim Næringselskap - oppfølging av kommunestyresak 093/14
176/14	Uttale regional kulturplan

169/14: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

03.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 169/14 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

170/14: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

03.09.2014 FORMANNSKAPET

Under sak 160/14 .3- Meldingar: Oppstart av arbeidet med å greie ut 8 - 13 skule i Austrheim, ber ein om at saka vert teken opp så snart som mogleg i formannskap og kommunestyre.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 170/14 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent med denne tilføyinga.

171/14: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

03.09.2014 FORMANNSKAPET

FS - 171/14 Vedtak:

Det var ingen meldingar til møte

172/14: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

03.09.2014 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 172/14 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

173/14: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

03.09.2014 FORMANNSKAPET

Formannskapet vart orientert om mogleg ny trafikal løysing for inn- og utkøyring frå Furuly eldresenter. Formannskapet ser at dette er eit kommunalt ansvar og synes dette virka som ein god plan. Administrasjonen må koma tilbake med sak på trafikkkløysing og finansiering av denne.

FS - 173/14 Vedtak:

Orienteringa vart tatt til vitande.

174/14: Søknad om deling av areal på gbnr. 160/3 i Næringsområde i N18 på Øksneset - Dispensasjonssøknad

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev dispensasjon til omsøkt frådelling i Næringsområde N18 på gnr. 160, bnr. 3 på Øksneset. Grunngeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

20.08.2014 FORMANNSKAPET

Framlegg frå Reidar Øksnes (Sp): Saka vert utsett
Framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 163/14 Vedtak:

Saka vert utsett

03.09.2014 FORMANNSKAPET

Det var synfaring frå kl. 09:30 - 12:00 med formannskap og frå administrasjonen Asbjørn Nagel Toft og entrepenør Odd Haugen.

Framlegg frå Reidar Øksnes: ***Saka vert utsett til Austrheim kommune sin nye kommuneplan vert godkjent i kommunestyret.***

Det vart stemt over framlegget. Framlegget fekk 4 røyster Ernst Stellberg (H), Liv Ulvøy(V) Reidar Øksnes (SP) og Helge Dyrkolbotn (Krf)

Per Lerøy (Ap) røysta mot.

FS - 174/14 Vedtak:

Saka vert utsett til Austrheim kommune sin nye kommuneplan vert godkjent i kommunestyret.

175/14: Selskapskontroll i AS Austrheim Næringselskap - oppfølging av kommunestyresak 093/14

Rådmannen sitt framlegg:

Det vert ikkje løyvd 160 000 kr. til gjennomføring av selskapskontroll i AS Austrheim Næringselskap. Formannskapet ber om at kontrolluvalet sjølv gjennomfører selskapskontrollen etter gjeldende praksis og rutiner.

03.09.2014 FORMANNSKAPET

Per Lerøy gjekk frå som ugild. Helge Dyrkolbotn (Krf) overtok som ordførar. Terje Håland (Ap) tiltrådde møtelyen. Reidar Øksnes (Sp) vart samrøystes vald til settevaraordførar.

Framlegg frå Ernst Stellberg(H):

Formannskapet, som økonomiutval, rår kommunestyret til å løyve kr. 160.000 eks mva til gjennomføring av selskapskontroll i AS Austrheim Næringselskap.

Løyvinga vert å dekkja av tilleggsloøyvingar kommunestyret for 2014, avdeling 802

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg og Høyre v/Ernst Stellberg sitt framlegg

Framlegget frå Høyre v/Ernst Stellberg fekk 4 røyster. Ernst Stellberg (H), Liv Ulvøy(V) Reidar Øksnes (SP) og Helge Dyrkolbotn (Krf)

Framlegget frå rådmannen fekk 1 røyst Terje Håland (Ap)

FS - 175/14 Vedtak:

Formannskapet, som økonomiutval, rår kommunestyret til å løyve kr. 160.000 eks mva til

gjennomføring av selskapskontroll i AS Austrheim Næringssselskap.

Løyvinga vert å dekkja av tilleggsløyvingar kommunestyret for 2014, avdeling 802

176/14: Uttale regional kulturplan

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev uttale til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 i samsvar med rådmannen si saksframstilling.

03.09.2014 FORMANNSKAPET

Saka vert utsett til formannskapsmøte 17.09.14

Framlegget vart samrøystes vedteke

FS - 176/14 Vedtak:

Saka vert utsett til formannskapsmøte 17.09.14
